



Voss kommune
Postboks 145
5701 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1 - 19/1067

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Oversending og oppsummering av høyring i Modalen kommune - Krav om revisjon av konsesjonsvilkår

Modalen kommune sendte 26.04.2019 krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Eksingedalsvassdraget, Teigdalsvassdraget og Steinslands-/Modalsvassdraget på høyring. Frist for å kome med høyringsinnspel vart satt til 20. mai. Det har kome inn eit høyringsinnspel i løpet av høyringa.

Høyringsinnspel:

Modalen elveeigarlag v/ styreleiar Linda Neset har spelt inn fleire krav som dei meiner må vurderast i samband med revisjonen. Elveeigarlaget har levert ein god redegjering for dei krava dei meiner må vurderast. Krava er knytt til vassmiljø og det vert vist til alle krava under;

- *Utvandringsproblematikk: Smolten som produserast i områda overfor Hellandsfossen risikerer å gå gjennom eit kraftverk og ikkje overleva. Det må i verk setjast tiltak som hindrar smolten i å fylgje vatn-straumen inn til kraftverka.*
- *Minstevassføring: Det må vere ei minstevassføring gjennom hele året Frå Holmura til Hellandsfossen for at fisken skal kunna vandre.*
- *Fisketrappa må vere open gjennom hele året for å sikre ei trygg ned-vandring.*
- *Det må gjerast førebyggjande tiltak for å hindre fisk på vandring opp elva i å bli ståande i kraftverks-utløpet.*
- *Avslag: Tiltak må gjerast for å hindre tørrlegging av elvestrekningen Helland - Mo, då slike episodar vil kunne drepe store deler av yngel produksjonen i elva.*
- *Det bør gjerast tiltak i elva for å hindre sedimentering av elvebotnen og tiltaka bør ha en viss frekvens.*
- *Det bør setjast i gang kultiveringstiltak for å ivareta sjø-ørret stammen i vassdraget.*

- *Det bør gjerast tiltak for å hindre spreiding av artar mellom vassdrag, overvaking og tiltak for å fjerne ikkje tilhøyrande artar bør prioriterast.*

Resultatet av å la elva «gå sin gang» er at dei naturlege førekomstane av laks og aure som er i vassdraget blir borte.

I konsesjonen som gjeld no står det mellom anna at regulanten kan bli pålagt å drive klekkeri og anna kultiveringsarbeid i vassdraget.

Det bør stillast strengare krav til korleis regulanten sitt Økonomisk bidrag og ansvar for laks og sjøaure skal vera i den neste konsesjonsperioden.

Modalen kommune har gått igjennom høyringsinnspellet frå Modalen elveeigarlag og sett på dei krava dei spel inn til prosessen med revisjon av konsesjonsvilkår. Kommunen meiner at elveeigarlaget har ein god utgreiing og begrunnelse for dei krava dei meiner må vurderast i samband med vilkårsrevisjonen. Modalen kommune er opptatt av at det arbeidet som vert gjort med re-etablering av laks og kalking av Modalselva skal lukkast. Det er i kommunen sin interesse å ha eit vassdrag med ein sunn fiskebestand som kan vere grunnlag for næring, rekreasjon og fiske. Kommunen meiner at elveeigarlaget sine kravpunkt er viktig moment som må vurderast i samband med vilkårsrevisjonen. Dette for å sikre at laks og sjøaure i vassdraget vert ivareteke på ein god måte, og at ein bygg opp under det kultiveringsarbeidet som vert gjort, Det er til dømes svært viktig at vandringshindre/utfordringar vert løyst for å sikre god vandring av gytefisk, smolt og yngel i vassdraget. Modalen kommune stiller seg difor bak krava som Modalen elveeigarlag har spilt inn.

Friluftsliv:

I samband med reguleringar i Stølheimen har det vore vilkår for regulant at vegane skal haldast opne og kunne nyttast i samband med ferdsel/friluftsliv. I samband med kraftutbygging av mellom anna Skjerjavatnet og Smalavatnet har BKK bygd veg opp Hellandsdalen og opp på fjellet. Vegen har vore mykje nytta av turgåarar. Vedlikehald av vegen har ikkje vore teke med i eksiterande konsejionsvilkår for tiltaket. Vegen er ein viktig innfallsport til delar av Stølsheimen med sitt rutenett og turisthytter. Denne vegen har i seinare år vore stengt, på grunn av mangel på finansiering, i høve vedlikehald av vegen. Modalen kommune meiner at det bør stillast like vilkår til denne vegen som med andre vegar i andre delar av Stølsheimen. Det vil vere viktig for dei som ynskjer å nytta fjellområdet med ein god tilkomst. Det ligg fleire turisthytter i området som til dømes Skavlabu og ein kan nytta området til å ferdest over fjellet til Sognefjorden.

Modalen kommune sender over innspel til Voss kommune for samordning av krav til vilkårsrevisjonen med dei andre kommunane som har satt krav om vilkårsrevisjon. Høyringsinnspellet frå Modalen elveeigarlag ligg vedlagt.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen

Skog- og miljøkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Høring Revisjon Modalsvassdraget

Høring Revisjon Modalsvassdraget

Kopi til:

Modalen elveeigarlag v/Linda Neset

Mottakere:

Voss kommune

Postboks 145

5701

VOSS